

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kvam formannskap	31.01.2018	002/18
Kvam heradsstyre	13.02.2018	003/18

Avgjerd av:	Arkiv: N - 560	Arkivsaknr
Saksh.: Stranden, Nils Eivind	Objekt:	18/32 - 1

Ny vegnorm - Kvam herad - Etter høyring

Behandling i politiske utval:

31.01.2018, FSK- 002/18 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek følgjande:

- 1. Kvam herad si vegnorm er samansett av «Vegnorm 2015 for Hordaland», del 1-4, med vedlagte teikningar i del 5 og særskilde vilkår for Kvam herad i del 6.*
- 2. Rådmannen får fullmakt til å gjera tekniske endringar i vegnorma etter behov.*
- 3. Rådmannen skal leggja fram ei sak om kva vegar som skal vera kommunale, i tråd med føringane i vegnorma.*

- 4. Kvam heradsstyre ber rådmannen ta initiativ til ei ny veglysnorm via NKF Nettverk gruppe veg og trafikk*

Saksordførar: Ottar Randa, H

13.02.2018, HST- 003/18 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek følgjande:

- 1. Kvam herad si vegnorm er samansett av «Vegnorm 2015 for Hordaland», del 1-4, med vedlagte teikningar i del 5 og særskilde vilkår for Kvam herad i del 6.*
- 2. Rådmannen får fullmakt til å gjera tekniske endringar i vegnorma etter behov.*
- 3. Rådmannen skal leggja fram ei sak om kva vegar som skal vera kommunale, i tråd med føringane i vegnorma.*

- 4. Kvam heradsstyre ber rådmannen ta initiativ til ei ny veglysnorm via NKF Nettverk*

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek følgjande:

1. Kvam herad si vegnorm er samansett av «Vegnorm 2015 for Hordaland», del 1-4, med vedlagte teikningar i del 5 og særskilde vilkår for Kvam herad i del 6.
2. Rådmannen får fullmakt til å gjera tekniske endringar i vegnorma etter behov.
3. Rådmannen skal leggja fram ei sak om kva vegar som skal vera kommunale, i tråd med føringane i vegnorma.

Samandrag:

Vegnorma var oppe i heradstyremøtet 10.10.2017. Det vart her vedteke at den skulle leggjast ut til høyring. Høyringsfristen var 29.12.2017. Det kom ikkje inn merknader eller kommentarar til norma innan fristen, og den vert difor lagt fram for endeleg politisk handsaming. Det er ikkje gjort store endringar i tekstinnhaldet frå sist saka vart handsama.

Kvam herad (KH) har vore med på å utarbeidd vegnorma i lag med 11 andre kommunar i Hordaland. Norma skal sikra lik praksis knytt til bygging av nye vegar. Den set og vilkår knytt til overtaking av private vegar, eller nedklassifisering (overføring frå kommunal til privat) av vegar. Før kommunal veg kan nedklassifiserast til privat veg, skal det gjerast politisk vedtak i kommunen.

Vegnorma gjeld for:

- alle vegar som skal overtakast av kommunen
- alle nye vegar som gjev framkomst til 4 bustadbygg/10 bueiningar eller meir og skal ha ei lengd på meir enn 50 m eksklusiv snuplass.
- vegar/ stikkvegar i næringsområde med lengd meir enn 50 m.
- nye vegar fram til anlegg for publikum som til dømes idrettsbanar, skulebygg m.m.
- opprusting av eksisterande vegar.

KH har mange vegar og stikkvegar i heile kommunen. Totalt har KH 110 km med kommunal veg som skal vedlikehaldast, krev ettersyn og der ein skal yte service. I tettbygd strøk er det også noko ulik praksis knytt til kva som er kommunale stikkvegar og kva som ikkje er det. Her ynskjer rådmannen ein meir einsarta handsaming, og ber om at det politisk vert teke stilling til vegnorma.

Vedlegg i saka:

Dok.id	Tittel
575274	Vegnorm 2015 for Hordaland - Tabeller-KH-sept-17 Del 6
575275	Vegnorm 2015 for Hordaland-KH-sept-17-Del 1-4
575276	Del 5. Vedlegg 14 -Vegoverbygging Gang sykkel fortau
575277	Del 5. Vedlegg 11 - Sluser
575278	Del 5. Vedlegg 13 - Vegoverbygging Adkomstveg
575279	Del 5. Vedlegg 12 - Vegoverbygging Samleveg
575280	Del 5. Vedlegg 10 - Rekkverk
575281	Del 5. Vedlegg 9 - Snuplass
575282	Del 5. Vedlegg 3 - Tverrprofil gs og privat veg
575283	Del 5. Vedlegg 2 - Tverrprofil Tilkomstveg
575284	Del 5. Vedlegg 1 - Tverrprofil Samleveg
575285	Del 5. Vedlegg 8 - Busslomme
575286	Del 5. Vedlegg 7 - Detaljar for avkøyrsløse
575287	Del 5. Vedlegg 6 - Frisikt avkøyrsløse
575288	Del 5. Vedlegg 5 - Frisikt tilkomstvegar
575289	Del 5. Vedlegg 4 - Frisikt samlevegar
576954	Vedlegg til del 1. Retningslinjer for tekniske krav til veg som skal omklassifiseres. Ikrafttredelse av vegloven § 7.
576965	Vedlegg til del 1. Klassifisering av vegmurer 6.10.2015

31.01.2018 Kvam formannskap

Framlegg frå Ottar Randa, H: Nytt kulepunkt i vedtaket.

Kvam heradsstyre ber rådmannen komme tilbake med sak om framtidig veglysnorm for Kvam herad

Framlegg frå Herleif Tveit, SP

Som rådmannen sitt framlegg med følgjande tilleggspunkt nr. 4: Kvam heradsstyre ber rådmannen ta initiativ til ei ny veglysnorm via NKF Nettverk gruppe veg og trafikk.

Ottar Randa, H trekte sitt framlegg.

Røysting:

Framlegget frå Herleif Tveit, Sp vart samrøystes vedteke med 9 røyster

FSK- 002/18 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek følgjande:

1. Kvam herad si vegnorm er samansett av «Vegnorm 2015 for Hordaland», del 1-4, med vedlagte teikningar i del 5 og særskilde vilkår for Kvam herad i del 6.
2. Rådmannen får fullmakt til å gjera tekniske endringar i vegnorma etter behov.
3. Rådmannen skal leggja fram ei sak om kva vegar som skal vera kommunale, i tråd med føringane i vegnorma.

4. Kvam heradsstyre ber rådmannen ta initiativ til ei ny veglysnorm via NKF Nettverk gruppe veg og trafikk

Saksordførar: Ottar Randa, H

13.02.2018 Kvam heradsstyre

Røysting:

FSK si tilråding vart samrøystes vedteke med 26 røyster

HST- 003/18 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek følgjande:

1. Kvam herad si vegnorm er samansett av «Vegnorm 2015 for Hordaland», del 1-4, med vedlagte teikningar i del 5 og særskilde vilkår for Kvam herad i del 6.
2. Rådmannen får fullmakt til å gjera tekniske endringar i vegnorma etter behov.
3. Rådmannen skal leggja fram ei sak om kva vegar som skal vera kommunale, i tråd med føringane i vegnorma.
4. Kvam heradsstyre ber rådmannen ta initiativ til ei ny veglysnorm via NKF Nettverk gruppe veg og trafikk

Saksopplysningar:

Vegnorma var oppe i heradstyremøtet 10.10.2017 og det vart her vedteke at den skulle leggjast ut til høyring. Høyringsfristen var 29.12.2017. Det kom ikkje inn merknader eller kommentarar til norma innan fristen, og den vert difor lagt fram for endeleg politisk handsaming.

Bakgrunn:

Kommunen har ikkje hatt ei eiga vegnorm tidlegare. Det er derimot gjennomført enkeltvedtak som har omhandla deler av dei tema som no ligg i den nye vegnorma.

I regi av Norsk kommunalteknisk foreining (NKF) er det utarbeida ny felles vegnorm. Kvam herad har vore med i dette samarbeidsprosjektet i lag me 11 andre kommunar i Hordaland. Norma er bygd på Kristiansand kommune sin norm, samt Vegdirektoratet sine vegnormalar. Norma er i hovudsak lik for kommunane, men vil kunna få lokale tilpassingar. Vegnorma gjev krav til administrative og tekniske føresegner samt påreknelege og like krav til utbyggarar. Den gjev krav som skal følgjast for nye vegar som skal byggast for kommunal drift og vedlikehald. Vidare er det retningslinjer for tilstøytande vegareal / anna vegareal som

grøfter, skråningar og byggegrenser samt teknisk gjennomføring av veganlegget. Den set og vilkår for kommunal overtaking av vegar.

Dei ulike kommunane er komen ulikt i handsaming av norma, men den er vedteken i Askøy 2016 og Osterøy 2017.

Vurdering:

Vegnorma er ein viktig del i arbeidet med å sikra god kvalitet og lang levetid på veganlegga som kommunen skal drifta og eventuelt byggja nytt. Norma vert lagt til grunn ved planarbeid, byggesaker og når kommunen skal overta veganlegg.

Det er noko variasjon i storleiken på kommunane som har delteke i utforminga av norma og difor også noko variasjon i behovet knytt til felles vegnorm og kva som er viktig for den enkelte kommune. Det er difor laga ei felles vegnorm med ulike delar. Siste del (del 6), er den som skildrar særskilde vilkår for den enkelte kommune. Siste part av del 6 er ei opplisting i tabellform. Denne viser til del 5 med normalprofiler og skisser på vegar, og er eigentleg ei opplisting i tabellform av teikningar i forutgåande kapittel, som er lik for alle kommunane.

Vilkår knytt til å overta ein privat veg:

I Norma er det vist til generelle vilkår for å overta vegar frå private utbyggjarar, der vegen på førehand er regulert til offentleg veg (kp 2.2). Denne regelen er i hovudsak knytt til praktiske spørsmål ved overtaking av nye vegar. Derimot gjev den lite føringar for når ein veg skal regulerast til offentleg veg. Tilsvarande gir den heller ikkje føringar ved spørsmål om overtaking av eksisterande veg som enten er uregulert eller regulert til privat veg. Det vert på grunn er dette føreslått fylgjande tilleggsreglar for kommunal overtaking av veganlegg i Kvam herad:

1. Ved spørsmål om regulering til kommunal veg eller ved overtaking av uregulert veg gjeld likelydande krav til at vegar til bustadområder som hovudregel berre skal overtas dersom den er minst 150 meter lang og fører til minst 50 bueiningar. Dette er ein utøvande praksis som ein har hatt dei seinare åra t.d. ved private utbygging på Torebøen i Øystese med 31 bueiningar og ved Sjoaskår i Øystese med 24 bueiningar. Ved desse anlegga er det ikkje lagt opp til at Kvam herad skal overta vegane innad i bustadfeltet, men at samlevegen som knyt bustadfeltet sin tilkomstveg til vegnettet elles skal vera kommunal. Denne praksisen ligg og til grunn i gjeldande utkast til vegnorm. Det er og grunn til å merke seg at dette berre er eit utgangspunkt, og at det er mogleg å gjera avvik frå denne «hovudregelen» dersom særlege grunnar tilseier dette.
2. Der ein eksisterande veg er regulert som privat veg, er det allereie teke politisk stilling til kva status vegen skal ha. Følgjeleg slår og vegnorma fast at slike vegar ikkje skal overtakast av kommunen.

Kvam herad har erfart at private vegar ofte ikkje er tilrettelagt for enkel drift og vedlikehald. Dette gjeld særleg for vegvedlikehaldet på vinteren, der stort brøyteutstyr ofte må manøvrere på små og uoversiktlege areal. Av omsyn til tryggleik er det derfor teke inn fylgjande minstekrav for at vegane skal verta overtekne som kommunale vegar:

- Det skal vere krav til snuplass/snuhammar for stort brøyteutstyr (traktor/lastebil) i enden på vegen (sjå pkt 3.12).
- Det skal vere lys ved snuplass/snuhammar.
- Det skal fylgje med eit område for skilting og legging av snø langs vegen.
- Minstebreidd 4 m og med fast dekke (asfalt).

Før overtaking skal det gjennomførast ei synfaring med kommunen, der kommunen har høve til å setje fleire krav til utbetring av vegen og tilhøyrande infrastruktur før vegen vert overtatt som kommunal veg. Det vil til dømes vera naturleg å sjå på kva løysing det er for overvatn langs vegen.

Vilkår knytt til nedklassifisering (overføring av kommunal veg til private):

Når det gjeld spørsmål om nedklassifisering av eksisterande kommunale vegar, er det grunn til å gjera merksam på at dette berre kan skje etter politiske vedtak i heradsstyret i den konkrete saka (kp.2.3). Den kommunale vegen på Botnen er eit døme på ein veg, som det vil vera naturleg å handsama i heradsstyret.

Ved vurdering av om ein veg skal nedklassifiserast, skal det særleg takast omsyn til lengda på vegen, talet på bueiningar som vegen fører til, samt om vegen fører til bustadområde, fritidsbusetnad, næringsområder eller eigedomar som er særleg viktige for kommunal drift.

Der kommunal veg berre går til fritidsbusetnad, skal det vurderast nedklassifisering til privat veg, eller etablering av bom med betaling for å dekke drift/vegvedlikehaldet.

Som hovudregel skal kommunale vegar som fører til bustadområder og som er lengre enn 150 meter ikkje nedklassifiserast til privat veg. Tilsvarende skal kommunal veg som fører til meir enn 10 bustadeiningar som hovudregel ikkje nedklassifiserast til privat veg.

Sjølv om kommunal veg som hovudregel ikkje skal nedklassifiserast i desse tilfella, kan lengda på den kommunale vegen justerast til å verta avslutta ved ein naturleg snuplass/snuhammar. Dette er gjort dei seinare åra i t.d. på Vavollen og på Tangerås.

Sjølv om offentleg veg vert nedklassifisert til privat veg, kan kommunen framleis stå som eigar eller deleigar av vegarealet, dersom ei avveging av kommunen sine interesser opp mot vurdering av rett til naturskadeerstatning tilseier dette.

Folkehelse:

Den nye vegnorma vil tydeleggjera ein del forhold som vedkjem trafikktryggleik særleg for mjuke trafikantar slik som fortau, gang /sykkelvegar, fartsdumper, avkøyringar mm .

Økonomi

Vil kunna betra kvaliteten på anlegg som kommunen skal drifta og soleis redusera framtidige utgifter. Det vil bli sett av noko areal utanfor vegbanen, slik at ein ikkje skal få problem med drift (t.d. utbrøyting av snø, klypping av hekk) eller nødvendige teknisk infrastruktur seinare (t.d. VA-anlegg, fiber, kablar, lysanlegg m.m.).

